

Lindås Kommune  
Kvernhusmyrane  
5914 ISDALSTØ

Heidi Andvik og Bertil Isaksen  
Kramubuhaugen 35  
5955 LINDÅS

21.02.2019

**Innspel og merknader til planforslaget;**  
**Reguleringsplan Lindås barnehage planID 1263-201803-Høyring og offentleg ettersyn**

Viser til brev frå kommunen ang reguleringsplan Lindås barnehage og har fyljande kommentarar;

**Akebakke**

Området barnehagen er tenk plassert er i botn av ein av få akebakkar. Akebakken blir nytta i skuletida/ friminutt og etter skuletid. Akebakken er området nedanfor ballbingen og postvegen/ stien opp til skulen.

I detaljert reguleringsplan er dette eit av områda som er ønske om å bevara. Men slik det ser ut av illustrasjonsplanen vil barnehagegjerde og gang veg utanfor gjerdet komme i vegen for stoppområdet for akebakken. Har og forstått at ved ein evt utviding av barnehagen vil dette bli forverra.

*Ber med dette om at akebakken blir bevart slik den er i dag utan fare for å krasje i eit gjerde. Der ein kan ha mange born i bakken samtidig og at det er forskjellige utfordringsnivå i forhold til kor bratt bakken er.*



## **Overflatevatn**

Slik det er per i dag er det mykje overflatevatn som kjem ned mot Krambuhaugen. Dette har auka ved normal nedbør etter ny del på skulen vart satt opp og området gjekk frå gruslagt til asfaltert.

Det at vatnet har auka i omfang er godt merkbart mellom garasje og hus til nr 35 og mot Krambuhaugen mellom nr 27 og 29. Sist nemnte er det og gjort forsøk på å lede vatnet vekk med å skyte ut grøft sør for skulen. Dette hjalp noko, men flytta problemet til botn av dalen i enden av akebakken. Der er det i seinare tid blitt grave opp meir på ein ny grøft som no står open utan at dette har endra problemet. Vatnet kjem ut midt i den gruslagte gangveg ned mot Krambuhaugen, tar med seg fin grus og tettar att slukar ved nr 29 og i krysset ved nr 15 og 21.

*Overflatevatnet som renn ned mellom nr 27 og 29 og vidare ned asfaltert veg mot nr 15 og 21 er eit problem i dag og dette må gjerast noko med i forhold til bygging av barnehagen.*

Med vennleg helsing Heidi og Bertil

